

**Fra:** Pauline Tomren (Pauline.Tomren@vlfk.no)

**Sendt:** 18.05.2021 19:55:13

**Til:** Politisk

**Kopi:**

**Emne:** Spørsmål til OPKU neste veke

**Vedlegg:**

**Spørsmål om PC for tilsette i fylkeskommunen**

På Osterøy VGS har lærarar fått tilbod om å bytte ut dei gamle jobb PC-ane som dei har hatt i fem år, sjølv om mange ikkje har problem med dei gamle datamaskinane. Ein lærar der har sagt at han opplever seg pressa til å ta imot ein ny PC med ladar, med fraser som "det er no du har sjansen!".

I Noreg forbrukar vi som om vi har tre jordklodar, og Vestland fylkeskommune bør vere med på å motarbeide dette ved å legge opp til eit redusert forbruk i eigen organisasjon.

**Spørsmål**

- kor ofte blir teknisk arbeidsutstyr bytta ut for tilsette i fylkeskommunen?
- korfor anbefaler fylkeskommunen tilsette å bytte ut arbeidsutstyr som er i god stand?
- Kva blir gjort for å hindre forbrukspress for dei tilsette i fylkeskommunen?

**Om lærebøker og digitale læringsressursar**

No får lærarar spørsmål om dei vil bestille inn fysiske lærebøker til undervisning frå og med hausten med nye læreplanar, eller om dei berre vil nytte seg av digitale ressursar som NDLA. Det kan bli eit vanskeleg val for mange lærarar, som kanskje ikkje vil bruke unødvendige ressursar på fysiske bøker, men som også ønsker å gi dei beste hjelpe midla til elevane sine.

**Spørsmål**

- Finst det forsking på elevane sin trivsel og læreutbytte når det kjem til om dei nyttar seg av fysiske lærebøker kontra å berre nytte seg av digitale læringsressursar?